


NORSK FORENING FOR KOMPONISTER
OG TEKSTFORFATTERE



Postadresse:
Kongensgt. 4, 0153 Oslo
Telefon: 22 47 30 00
Telefaks: 22 47 30 01
E-post: lill@nopa.no
berit@nopa.no
kjetil@nopa.no
URL: www.nopa.no

Kultur- og kirke-departementet
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

HØYRING

Forenklet, samordnet og uavhengig.
Om behovet for endringer i tilskuddsforvaltningen for kunst og
kulturfeltet.
Sluttrapporten fra Løken-utvalget, juni 2008

NOPA er ein organisasjon for opphavsmenn og -kvinner av musikk og
tekstar til musikk. Vi har for tida 660 medlemmer. Våre medlemmer
arbeider innafor dei aller fleste musikksgangarar som viser, kor, korps,
pop, rock, teatermusikk, musikk til tv, reklame og film, kyrkjemusikk/
gospel, samtidsmusikk og jazz.

NOPA er primært ei foreining som arbeider innafor det skapande
musikkområdet. Vi er komponistar, musikkarrangørar, tekstforfattarar
og låtskrivarar. Samstundes arrangerer nokre av medlemene våre
eigne konsertar, eller samarbeidar med konsertarrangørar på lokalt
plan rundt om i landet og i utlandet.

- Samansettinga av Kulturrådet

Forslaget om å redusere storleiken på rådet er grunngjeve ut frå
behovet for fleksibilitet fordi dagens kunstverd blir endra i raskt tempo.
Etter vårt syn er denne utviklinga heller eit argument mot ein reduksjon
og for eit breitt samansett råd med faglig kompetanse frå mange felt,
helst breiare enn i dag.

Det aktive, profesjonelle kulturlivet må sikrast representasjon slik at
både opphavssida, utøvarsida og utgjevar/produsentsida er med. Dette
kan gjerast gjennom å gi kulturorganisasjonane rett til å innstille tre
eller fleire medlemmer. Innstillingsretten kan til dømes leggjast til
NORWACO som representerer 34 organisasjonar innafor
kultursektoren.

Oppnemninga kan vera koordinert av kulturdepartementet, men rådet
må etter vårt syn ha representantar frå ulike samfunnsområde. I tillegg
til medlemmer oppnemnt direkte av departementet, kan kulturkomiteen i
Stortinget, Kommunenes Sentralforbund og kulturorganisasjonane ha
oppnemnings- eller innstillingsrett.

- Statens kunstnarstipend

NOPA sluttar seg til utvalets synspunkt om at Statens kunstnarstipend
bør vidareførast, men er sterkt kritisk til forslaga om å slå saman
stipendkomitear og å fjerne ordninga med at kunstnarorganisasjonane
nemner opp komiteane. Vi ser på dette som ei nedbygging av den

faglige kompetansen i stipendtildelinga.

NOPA meiner at Statens kunstnarstipend må ha ein eigen komité for dei som skriv tekstar til musikk. Dette gjeld alt frå rock- og visetekstar til oratorium og librettoar.

- Fond for lyd og bilde

NOPA deler ikkje utvalets syn på FLB. FLB må vera ei sterk og sjølvstendig eining, både administrativt, økonomisk og kunstnarpolitisk. Grunngevinga vår for dette er som utvalet sjøl er inne på, vederlagstanken. I tillegg er det viktig å oppretthalda eit mangfald i kulturforvaltninga. Vi trur det er minimalt å spara på ei samanslåing.

- Fond for utøvende kunstnere

FFUK bør halda fram som idag, som eigen tilskottforvaltar og med eigne lokale. Også dette grunnjev vi ut frå behovet for mangfald i kulturforvaltninga både administrativt og kulturpolitisk. Det er lite å spara på ei samlokalisering, samstundes som ulike støtteordningar må vera uavhengige av kvarandre.

- Tilskottsordningane


Klargjeringa av inngangs-, tildelings- og utmålingskriterium for tilskottsordningane helsar vi velkommen, noko som vil vera eit vanskeleg og komplisert arbeid.

NOPA vil nytta høvet til å påpeike at vår organisasjon ikkje mottek støtte til trykking av noter og songtekstar trass i at vi organiserar dei aller fleste i landet innafor dette området. (jf. pkt. 3.4, s. 25 i innstillinga)

NOPA vil også påpeike at våre område ikkje i tilstrekkeleg grad er representerte i 55-postane. Dette gjeld tinging av tekst til musikk, tinging av musikk innafor pop og andre rytmiske sjangrar, og innspeling av fonogram innafor smale pop/rock-sjangrar og filmmusikkområdet. Nokre rytmiske sjangrar fell utanfor desse ordningane i dag, noko vi seier oss leie for. Vi trur dette har med samansetning av fagkomiteane å gjera, noko vi har påpeika i fleire tiår.

NOPA støttar også utvalet si oppmoding til samordning innafor musikkeksport. NOPA vil i det internasjonale arbeidet understreka solidaritetstanken med den 3. verda gjennom det arbeidet NORCODE har starta opp. Eksport av musikk må også omfatta opplysning om kunstnarorganisasjonar og spørsmål om opphavsrett til land i Asia, Afrika og Latin-Amerika, i tillegg til den tradisjonelle spreiring av verk, band og smal musikk.

Oslo 25. august 2008



Mvh · NOPA
Ragnar Bjørkreim
Styreleiar